

JULIAN BERNTZEN MUSIC
Øvre Sædalsvegen 60
5099 BERGEN

Dato: 04.04.2017
Vår ref.: 2016/9494-42
Saksbehandlar: maraskv
Dykkar ref.:

Unnateke offentleggjering OFFL § 23, 1. ledd

Kontrakt for oppdrag - enkeltpersonføretak

Denne kontrakten er inngått mellom Hordaland fylkeskommune (HFK) og enkeltpersonføretaket (org nr. 985 967 113), JULIAN BERNTZEN MUSIC (heretter kalla Utøvar).

Kontrakten gjeld oppdrag i ein avgrensa periode.

1. OPPDRAGET GJELD

Utøvar som sjølvstendig oppdragstakar vert med dette engasjert av HFK til å medverke i fagpanelet under UKM-festivalen i Hordaland.

Oppdraget omfattar 2 dagar. Dato: 29. og 30.april 2017.

Medverkande under juryarbeidet: **Julian Berntzen**

2. FORDELING AV OPPGÅVER OG ANSVAR

HFK sine oppgåver og ansvar:

- Sende ut rettleiing for arbeidet i fagpanelet før UKM-festivalen i Hordaland 2017.
- Gi opplysningar til Utøvar om kor mange sceneinnslag fagpanelet skal vurdere.

Utøvar sine oppgåver og ansvar:

- Følgje rettleiinga for fagpanelet som vert sendt ut frå HFK i forkant.
- Utøvar skal medverke i fagpanelet ved gjennomføring.

3. HONORAR (VEDERLAG/UTGIFTSDEKNING)

Honorar er 3 000 kroner per dag. For 2 dagar vil oppdraget utgjere eit honorar på til saman 6 000 kroner.

I tillegg vert reise og opphaldsutgifter dekt av HFK etter statens reiseregulativ.

Utbetaling skjer etter UKM-festivalen i Hordaland, og når HFK har motteke faktura med spesifisert reiserekning som vedlegg. Faktura må sendast innan **fire veker** etter 30.april. Fakturaen må vere nummerert og datert.

Det vert ikkje betalt feriepengar, løn under sjukdom eller andre tillegg til honoraret.

4. SKADEANSVAR, FORSIKRING

Utøvar er ikkje tilsett som lønsmottakar i HFK og vert ikkje omfatta av dei forsikringsordningar som gjeld for tilsette i HFK.

6. SJKUDOM

Sjukdom hos Utøvar som oppstår før og/eller under oppdraget vert å melde til HFK omgåande sjølv om kontraktperioden ikkje har starta.

7. AVLYSING

Både oppdragsgivar og den medverkande plikter å gjere det mogleg for at oppdraget vert gjennomført.

Dersom Produksjonen må avlysast på grunn av fråfall frå ein eller fleire medverkande, for eksempel ved sjukdom eller andre uførutsette grunner, kan oppdragsgivar seie opp heile eller deler av avtalen med 14 dagars frist rekna frå den dagen oppseiinga er komet oppdragstakaren i hende.

Innanfor oppseiingsfristen skal oppdragsgivar betale honorar for evt. avtalte reisedagar og forarbeid. Med mindre anna vert avtalt skal oppdragsgivar dekkje reisekostnader for oppdragstakaren tilbake til heimstaden.


Kontrakten er sendt ut i to eksemplar. Kontraktspart signerer og sender eitt eksemplar i retur til:


Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, UKM Hordaland v/ Marianne Ose Askvik, Postboks 7900, 5020 Bergen

Stad/dato:

Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga

Stad/dato: 02.05.2017
(kontraktspart)


.....
Ronny B. Skaar
utviklingssjef/seksjonsleiar


.....
Julian Berntzen

Fakturaadresse:

Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga
UKM Hordaland v/ Marianne Ose Askvik
Postboks 7900
5020 Bergen